

Saksbehandlar: Arvid Stenehjem
Avdeling: Fylkesrådmannen
Sak nr.: 13/1056-2

Årsrapport 2012 - oversikt over tenesteleveransar frå bedriftshelsetenesta

Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gje slik tilråding:

- 1) Hovudsamarbeidsutvalet tek årsrapporten frå leverandøren av bedriftshelsetenester (StaminaHOT) til vitande.
- 2) Hovudsamarbeidsutvalet ønskjer at samarbeidet med tenesteleverandøren held fram etter same mønster som i 2012.

Vedlegg:

Årsrapport frå StaminaHOT

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Aktiviteten i første driftsår vart prega av implementering og innsal av dei tenestene som vår leverandør av bedriftshelsetenester tilbyr. Nokre leveransar er overordna kjøp som gagnar heile organisasjonen, medan langt dei fleste er tenester levert etter lokalt initiativ. Fleire oppgåver har kome i kjølevatnet av tilsynsbesøk og frå avvik avdekt av einingane sine egne rutinar for systematisk helse-, miljø og tryggleiksarbeid. Det største overordna kjøpet var medarbeidarundersøkinga som vart gjennomført hausten 2012.

2. Bakgrunn

Frå 21.11.2011 vart det inngått avtale med Hjelp24 (no etter fusjon er namnet [StaminaHOT](#)) om levering av bedriftstenestester til Sogn og Fjordane fylkeskommune. Avtalen omfattar alle driftseiningar og tilsette i fylkeskommunen. Fylkeskommunen har avtalt ein fleksibel leveranse av bedriftshelsetenester.

3. Aktiviteten

Vårt systematiske HMT-arbeidet, med fokus på arbeidsmiljøkartleggingar og risikovurderingar, har definert og gitt premissane for innsatsområda for dei ulike leveransane av bedriftshelsetenester-/kompetanse som er ytt. I tillegg har tilsyn frå fleire tilsynsmyndigheiter avdekt forbetningsområder og avvik. Desse er lukka med god støtte og bistand frå bedriftshelsetenesta.

Aktiviteten i første driftsår var prega av implementering og innsal av dei tenestene som vår leverandør av bedriftshelsetenester kan tilby. Leveransane har vore bestilte både lokalt og

sentralt. Felles er at alle aktiviteter er klarert med Frm-personal. Prosessen har betra vår interne bestillarkompetanse og tenesteleverandøren har lært vår organisasjon å kjenne.

Bedriftshelsetenesta har bidrege aktivt i det førebyggjande arbeidsmiljøarbeidet og har støtta fylkeskommunen i arbeid knytt til arbeidsmiljøutvikling.

Nokre leveransar har vore overordna kjøp som gangnar heile organisasjonen, medan langt dei fleste er tenester levert etter lokal bestilling og initiativ. I tillegg har fleire og leveransane kome i kjølevatnet av tilsynsbesøk med avdekka avvik, eller avvik som er identifiserte av einingane sine egne rutinar for systematisk helse-, miljø og tryggleiksarbeid.

Leveransane har såleis vore knytt til både arbeid på overordna systemnivå og driftseiningsnivå. Det største overordna kjøpet var medarbeidarundersøkinga (MTM) som vart gjennomført hausten 2012. Denne femna om alle einingar, avdelingar og tilsette. Ei samla tilbakemelding på etterarbeidet vil bli lagt fram for hovudsamarbeidsutvalet i mai-møtet. På einingsnivå har ein stor innsats vore retta inn som bistand i arbeidsgjevar sitt arbeid med oppfølging av sjukmelde og med arbeidsplassstilrettelegging på individ nivå.

Rapporten viser at 12 av våre vidaregåande skular mottok direkte tenester frå bedriftshelsetenesta. Tannhelsetenesta, sentraladministrasjonen inkludert tenesteeiningane har kjøpt tenester. Tabellen i vedlegget viser i detalj kva som er levert.

4. Konklusjon/tilråding

Vi har motteke tilfredsstillande leveransar frå bedriftshelsetenesta vår. Desse er utviklingsoppgåver og adhoc oppgåver i feltet systematisk helse-, miljø og tryggleik. Fylkesrådmann rår til at rapporten vert teken til vitande og at samarbeidet med tenesteleverandøren held fram etter same mønster som i 2012.